




# Sund Sokneblad

**Nr. 5**  
28. oktober 2020  
Årg. 89



## Konfirmasjonar i Sund

Søndag 6. september var det to konfirmasjonsgudstenester i Sund kyrkje. På biletet er den eine gruppa på veg inn i kyrkja. Laurdagen og søndagen etter var det tre gudstenester i Kausland kyrkje. Bilete frå den andre gudstenesta i Sund kyrkje og bilete av alle konfirmantane finn du

**side 6-9**

## Bispevisitas

I byrjinga av november kjem biskop Halvor Nordhaug på visitas til Sund sokn. På tysdagen, onsdagen og torsdagen er det lagt opp til ulikt program, og på søndagen har biskopen visitasgudsteneste i Sund kyrkje med påfølgjande foredrag. Heile programmet finn du

**side 14**

## Ny kyrkjeverje

Anlaug Børve overtok 1. september som kyrkjeverje i Øygarden etter Olav Martin Vik. Vi har eit intervju med Anlaug Børve

**side 5**

## Nytt kull med konfirmantar

Det nye konfirmantkullet i ytre Sund vart presenterte i gudstenesta i Kausland kyrkje 27. september medan konfirmantkullet i indre Sund måtte venta til 18. oktober med å bli presenterte. Du finn bilete av gruppene på

**side 4 og 9**

## Føremiddagstreffa

Så langt denne hausten har det vore gjennomført to føremiddagstreffa. Siste onsdagen i august var den nye prosten i Vesthordland prosti, Jan Tommy Fosse gjest medan den førre prosten, Erling Koppe-  
rud, var gjest siste onsdagen i september. Du finn meir om treffa

**side 11 og sistesida**

## Pastoralt perspektiv

### Kva finn biskopen?

Det nærmar seg bispevisitas, der vår tilsynsmann og biskop Halvor Nordhaug skal føra tilsyn med oss i Sund sokn. Skal tru kva han då finn?

Svaret får vi i visitasforedraget etter gudstenesta 8. november. Då oppsummerer biskop Halvor sine inntrykk frå visitasveka. Og truleg blir det både «ris og ros».

Men eg vonar at biskopen i alle fall finn følgjande her i Sund sokn:

- *Ein kyrkjelyd som forkynner Kristus!*
- *Eit sokneråd som har «sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet...» (Kyrjelova § 9)*
- *Glade gjevarar som bidrar økonomisk både i kyrkjelydsarbeidet og misjonsarbeidet.*
- *Ein kyrkjelyd som er seg bevisst sine nådegåver, og som brukar dei til å byggja opp fellesskapet.*
- *Eit fellesskap der vi har omsorg for kvarandre og ber for kvarandre.*

Lista kunne nok vore lenger, men poenget er dette:

Eit sokn og ein kyrkjelyd kan berre byggjast ved hjelp av levande steinar, med Kristus som hjørnestein!

Så dersom biskopen finn dette her i Sund sokn, er det både liv og håp, ja, noko å byggja vidare på!

Så ser vi fram til visitasen, og vonar at programmet vi har lagt opp til vil gje biskopen vår eit godt og breidt innsyn i Sund kyrkjelyd/sokn. Gjennom møter med tilsette, råd og frivillege skal biskop Halvor føra tilsyn med oss og vegleia oss...

Vi bed om Guds rike velsigning over visitas-dagane!

*Kjell-Asle Børnes*

## Onsdagstreffa

Onsdagstreffa i **Aktivitetssenteret** i Skogskiftet er i gong att. Desse treffa startar **kl. 11.00** og er første onsdagen i månaden. Kjell-Asle Børnes er som oftast med på desse treffa. Difor er treffet i november utsett til den andre onsdagen grunna bispevisitasen.

Onsdag 11. november  
Onsdag 2. desember

## Velkommen til gudsteneste

### 01. november – Allehelgensdag – Matt 5,1-12

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Hildegunn B. Myklebust. Nattverd

Takkoffer: Kirkens SOS

Song: *Eivind Kausland Lie*

*Vi minnest og tenner lys for dei som er gravlagde sidan sist Allehelgensdag.*

### 08. november – 23. søndag i treeiningstida – Mark 10,28-31

SUND kyrkje kl 11.00 **Visitagudsteneste** v/biskop Halvor Nordhaug m.fl. Nattverd

Song: *Stjerneketret, Betweenketret og Sund Blandaketret*

Takkoffer: Stefanusalliansen

*Visitasforedrag og kyrkjekaffi etter gudstenesta!*

### 15. november – 24. søndag i treeiningstida – Joh 6,63-69

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 *Bønevandringsgudsteneste* v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd

Takkoffer: NLA

### 22. november – Kristi Kongedag – Matt 25,31-46

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd

Takkoffer: Israelsmisjonen

SØNDAGSSKULE!

### 29. november – 1. søndag i adventstida – Luk 4,16-22a

SUND kyrkje kl 11.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen. Dåp

«LysVaken»

Takkoffer: Stjerneketret/Betweenketret

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

**Kyrkjeskys** - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dævøy - tlf. 936 10 773



## Olav Martin Vik takkar av

**1. september var det leiarskifte i organisasjonen. Annlaug Børve er no kyrkjevevje i Øygarden. Ho vert presentert i dette bladet. Eg ønskjer Annlaug alt godt som kyrkjevevje. Leiarskiftet har vore planlagt i lengre tid.**

Eg tok til i stillinga som kyrkjevevje i gamle Øygarden i år 2000, men hadde permisjon i perioden 2001 til 2011 då eg var ordførar. Eg kom tilbake i stillinga i 2011. I 2017 vart eg spurt om å vere kyrkjevevje i

Fjell og Sund for ein periode. Det varte fram til no, inn i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd. Eg fekk også ansvaret for å leie arbeidet med å slå saman fellesrådsområda som følgje av kommunesamanslåinga. Det har vore ei spennande og utfordrande tid med mange gjeremål. Dyktige medarbeidarar og engasjerte folkevalde har vore viktige medspelarar. Eg vil takke alle eg har møtt og samarbeida med i mi tid som kyrkjevevje.

*Olav Martin Vik*

## Ny misjonsavtale i Sund sokn

Sund sokn har inngått ein misjonsavtale med Misjonsalliansen, med Ecuador som misjonsprosjekt. Misjonsprosjektet skal få ein naturleg plass i gudstenester og i andre aktivitetar.

Misjonsalliansen vil bidra til å leggje til rette for at kyrkjelydar i Noreg skal kunne realisere sitt misjonsoppdrag, ta misjonsprosjektet med i forbønnsstenesta og skape engasjement og entusiasme rundt dette.

Med oppdrag om å virke til at fattige, diskriminerte og tilsidesette menneske i Latin-Amerika, Afrika og Asia skal

få møte Guds kjærleik, gis moglegheitene til å ta ansvar for sitt eget og familiens liv og på det grunnlag bygge sin eigen framtid,

Gjennom offer i gudstenesta og eventuelt ulike innsamlingsaktivitetar i grupper, kor og andre arrangement og aktivitetar i kyrkjelyden, samlast det inn midlar til misjonsprosjektet.

Presentasjon av prosjektet kjem til å henge i våpenhuset i kyrkjene og andre lokale plasser. Innsamlingsmålet er 10 000,- og samarbeidsavtalen gjeld i perioden 01.09.2020 – 31.12.2022.



 **Misjonsalliansen**

## Organisering av Den norske kyrkja

Kyrkjemøtet har starta ein prosess med å utforme framtidens organisering av Den norske kyrkja. Det er i dag to arbeidsgivarlinjer og målet er å få organisert kyrkja slik at alt vert samla i den same strukturen. Dette er eit omfattande arbeid der mange må involverast, også kyrkja lokalt. I 2022 skal Kyrkjemøtet handsame tilrådinga frå Kyrkjerådet. Utover hausten i år vert det m.a. lokale innspelsmøte.

**Kyrkjekontoret i Øygarden har fått nytt telefonnummer: 400 03 316**

Sentralbordet har fått eit nytt telefonnummer: 400 03 316. Telefonen er open måndag-fredag kl. 10.00-14.00

## Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa er komne i gong att etter sommaren og etter nedstenginga som følgje av korona-viruset. Framleis vert det teke omsyn til smittevern, men det går an å møtest siste onsdagen i kvar månad, vekselvis i Kyrkjekjellaren og i Kyrkjelydshuset på Kausland. Møta tek til **kl. 11.30** og har kvar gong ein invitert gjest.

Programmet for hausten ser slik ut:

**28.10 Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje**

Gjest: Diakon Torbjørn Fjøren

**25.11 Kyrkjelydshuset, Kausland**

Gjest: Professor em. Egil Morland

# Nytt konfirmantkull i ytre Sund



Det nye konfirmantkullet i ytre Sund vart presenterte i Kausland kyrkje søndag 27. september. I tillegg til at alle fekk namnet sitt opplese fekk dei òg utdelt Luthers Lille katekisme, som dei skal studera nærmare i det komande konfirmantåret. Grunna koronasmiten vart konfirmantkullet delt i to grupper og dermed vart det òg to gudstenester. Her er namnet på ungdomane.

#### Biletet over:

Benjamin Selstø, Henriette Møller Nøttveit, Johanne Linnea Vetås Vor-

land, Julie Sørland Skage, Kasper Lerøy Kvalvåg, Lana Gjesholm Hestad, Lars Fjeldstad Glesnes, Leah Hagen Espedal, Liam Hetlevik Vabø, Marcus Wilhelmsen Selstø, Mia-Sofie Gjertsen Steinsland, Mikal Kallestad, Natalie Josefine Boge Ågotnes, Sigurd-Andrè Natås Kvarven, Victoria Astrid Dyrkolbotn.

#### Biletet under:

Alexander Ekerhovd Fenne, Amalie Spjeld Rabben, Caroline Iversen Skoge, Cleonissy Machado Kalunga, Dennis Hagen, Elisa-

beth Eiksund, Emrik Frostad Stensrud, Erik Isak Olsen, Hedda Victoria Ekeland, Ingrid Anna Nilsen Telle, Karen Hondy Busomoke, Kristoffer Lokøy Noremek, Maria Landro Glesnes, Martin Asphaug Arnesen, Natalie Aspevik Heggøy, Nicolai Andre Ekholst, Oliver Sylte Glesnes, Sondre Olsen-Jensen, Sondre Mathias Glesnes, Tobias Svanåsbakken-Harkestad, Vanessa Karlsen Skjellevik, Vegard Haugsøen.

FOTO: OLAV OTTERA



# Annlaug Børve er ny kyrkjeverje i Øygarden

**1. september gjekk Olav Martin Vik av som kyrkjeverje i Øygarden. Ny kyrkjeverje er Annlaug Børve. Leiarskiftet vart avklart og bestemt i samanslåingsprosessen.**

*Du har vore med i prosessen med å slå saman fellestråda i Fjell, Sund Øygarden. Når du no ser tilbake, korleis var denne tida?*

Eg er ein type som likar å vere undervegs, og syntest difor først og fremst prosessen var spennande og utviklande. Mellom anna jobba vi med å utarbeide ein felles visjon og verdiar for det nye fellestrådet, og i den prosessen delte vi våre personlege visjonar med kvarandre. Det var både inspirerande og trusstyrkande. Eg opplevde også at det var ein god prosess i høve til at alle vart engasjerte, og at vi vart godt kjende på tvers av dei gamle fellestrådgrensene. Så er det ikkje til å stikke under ein stol at det mykje som skulle gjerast, og dermed var det også ei ganske travel tid.

*Du skal leie det nest største kyrkjelege fellestrådsområdet i Vestland, kva tankar gjer du deg?*

Eg tenkjer at det er eit privilegium å få vere leiar i eit stort fellestråd med mange dyktige, kreative og engasjerte medarbeidarar. I eit slikt miljø handlar leiing i stor grad om å støtte og leggje til rette for at den enkelte får brukt mest mogeleg av dei evnene og gåvene som han eller ho har. Viktige nøkkelord er samarbeid og tverrfaglegheit – alle må få sleppe til. Så er det også viktig å vere bevisst på at

kyrkjelydane innan fellestrådsområdet vårt er forskjellige, og at dei skal få vekse og utvikle seg med kvar sine særpreg, tilpassa behovet til menneska lokalt.

*Kva vil du prioritere først av oppgåver når du no tek over som kyrkjeverje i Øygarden?*

Eg er heldig å få ta over eit veldrive fellestråd, der mykje handlar om å vidareføre det gode arbeidet som allereie er etablert. I dette arbeidet vert vi i stort og smått sett på val, daglegdagse etiske dilemma og problem må finne si løysing. Det er viktig at vi har ein etisk sensitivitet som gjer at vi oppdagar og kan setje ord på slike situasjonar, og kan reflektere over kva som er dei rette og gode vala. Dette handlar om at verdiane våre skal få konsekvensar for handlingane våre. Eg vil prioritere høgt å arbeide for ein kultur der vi saman reflekterer over praksisen vår, kva haldningar som bør prege arbeidet, og korleis rutinar og system bør vere innretta for at tenestene våre skal halde høgast mogeleg fagleg og etisk kvalitet.

*Kva tenkjer du vert hovudutfordringar framover?*

Eg tenkjer at det er ei stor utfordring for oss å hindre utanforskap. Nokre sentrale utviklingstrekk kommunen peikar på er at fleire menneske står utanfor fellesskapen som følgje av mangel på økonomiske og materielle ressursar. Det er aukande grad av barnefattigdom og ungdom som ikkje har tilgang på sosial støtte, og mange einsame mellom oss, for å nemne noko.



Dette utfordrar oss sterkt på det diakonale området, og på vår evne til samskaping, å arbeide saman med andre aktørar for at menneske skal kunne definere seg innafor. Ei anna utfordring er å få tak i dei ressursane vi treng for å utføre det arbeidet vi ønskjer, både menneske og økonomi.

*Kva rolle ser du for deg at kyrkja vil spele i lokalsamfunnet i åra som kjem?*

Eg ser for meg ei kyrkje som er aktivt deltakande i å skape eit godt og rettferdig samfunn her i Øygarden. Då må vi kanskje vere litt meir på «bortebane» enn det vi er i dag, vi må ha meir samskaping, og vere meir oppsøkande.

Eg ser for meg at vi skal vere ei kyrkje for alle, som er på dei svakaste si side, og kan vere ei stemme for dei som ikkje maktar å stå opp for seg sjølv. Vi må vere ei kyrkje som følgjer i Jesus sine spor.

*Yngvild Mørner Sørheim*



## JOBB:

Personalkonsulent i Sjømannskyrkja 1997-2001  
Jurist i Øygarden kommune 2001-2008  
Kyrkjeverje i Øygarden kyrkjelege fellestråd (vikar) 2008-2009  
Kyrkjeverje i Fjell kyrkjelege fellestråd 2009-2017  
Personalleiar i samanslåingsprosessen Sund, Fjell og Øygarden kyrkjelege fellestråd 2017-2020

## UTDANNING:

1997: Organisasjons- og arbeidslivspsykologi, universitetet i Bergen  
1997: Cand. Jur., Universitetet i Bergen  
2008: Grunnerverv og ekspropriasjon i kommunar, universitetet for miljø- og biovitenskap  
Er i ferd med å avslutte masterprogram i verdibasert leiing ved VID vitenskaplege høgskole

# Konfirmasjon i Sund kyrkje

Søndag 6. september var det endeleg tid for konfirmasjon i Sund kyrkje. Konfirman- tane var fordelte på to gudstenester der det vart bedd for kvar av konfirman- tane av Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen og der kvar av dei fekk hengt ein kross om halsen av Bente Aase.

Då alle konfirman- tane var bedne for heldt kyrkjelydspedagog Dag R. Pettersen ei tale

til konfirman- tane og takka dei for eit fint konfirman- tår.

I tillegg til den vanlege songen og musik- ken i gudstenesta var det òg song av Vivian Steinsland og hennar band. To av songane hadde Vivian laga sjølv, «Timeglas» og «Du, i hjarta».

*Olai Otterå*



*Bente Aase hadde oppgåva med å hengja ein kross om halsen på kvar av konfirman- tane etter at dei først var blitt bedne for.*



*Vivian Steinsland og bandet hennar framførte tre songar i konfirmasjonsgudstenestene. To av songane hadde Vivian sjølv skrive.*



*Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen bad for kvar av konfirman- tane medan dei knelte framfor altarringen.*



*Kyrkjelydspedagog Dag R. Pettersen talte til konfirman- tane og takka dei for eit fint konfirman- tår.*

# Konfirmantane i Sund kyrkje



## SUND KYRKJE Sundag 6. sept. kl. 11.00

Adrian Johannessen, Brage Ellertsen, Even Bruaas Gjertsen, Hannah Emilia Lundekvam, Ida Kvammen Rosendal, Ingrid Kobbavik Fjellanger, Ingrid Rokkan, Kristoffer Gullaksen Sekkingstad, Martine Økland Samland, Mats Marius Samland Løland, Ronja Lekven Bruvik, Simon Hufthammer Øvretveit, Theodor Thormodsen Tellnes.

FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT



## SUND KYRKJE Sundag 6. sept. kl. 13.00

Amalie Tofterå Glesnes, Andreas Gaupholm, Emma Birgitta Nilsson, Hannah Elise Førde, Ingeborg Marie Bowers, Joachim Hammersland, Kristoffer Forland Rong, Mia Weiron Pettersen, Ole-Einar Hamre Håkonsund, Ole Henriksen Berthelsen, Sean Christopher Karlsen, Sigrid Margrete Menes Førde, Silje Ulvøen, Susanne Hagenes Skoge, Thea Førde Vigsø, Thea Lokøy.

FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT

# Konfirmantane i Kausland kyrkje



## KAUSLAND KYRKJE Laurdag 12. september kl. 11.00

Adrian Vetle Haugsdal, Benjamin Haugetun-Telle, Gabriella Heide-Neverdal, Helena Desirè Breivik Kvilhaug, Leo Kausland, Madeleine Kvam Andresen, Magnus Glesnes

Stensvoll, Mathilde Kolbeinsvik, Mathilde Sætre Glesnes, Noah Rabben Olsen, Renate Haugsdal, Sara Marie Finsås, Thea Elisabeth Sande, Ådne Glesnes Mæland.

FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT



## KAUSLAND KYRKJE Laurdag 12. september kl. 13.00

Helena Nordstrand, Henrik Kalgraff Aasheim, Jon Martin Fjellanger Vardøy, Maren Mjøs Singstad, Marthe Skråmestø Leknes, Martine Grostad Vilhelmsen, Mathias Emil

Moldeklev Rogne, Mathilde Asphaug, Oliver Elias Straume, Patrick Kausland, Thea Asphaug.

FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT





**KAUSLAND  
KYRKJE**  
Sundag 13. sept.  
kl. 11.00

Celine Birkeland Nilsen, Even Hamre, Even Øvretveit Mortensen, Herman Steinsland, Idar Andre Solheim, Isak Ekerhovd Telle, Kristoffer Telle Bruvik, Lenea Hetlevik Vabø, Noah Boga Ekse, Oline Mari Solheim, Rebekka Eriksen, Robin Severin Thorgersen Solvang, Sara Horgen Toft, Sarah Olsen Grotle, Silje-Kristin T. Melkevik, Tiril Gullaksen Wiese.

FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT

## Det nye konfirmantkullet i indre Sund



Det nye konfirmantkullet i indre Sund vart presentert i Sund kyrkje 18. oktober. Dette er namna deira: Bjarne Børnes Dāvøy, Brage Skjoldal, Celine Fjell Mohn Kleppe, Daniel Brekken Håkonsund, Edvard Stigen Bjørøy, Elias Thomas Høyland, Emma Glistrup, Era Cecilie

Sangolt, Helene Rakli Børnes, Henriette Børnes Myklebust, Ingeborg Krondorfer, Isak Skårdal Litlere, Jill Vanessa Miller, Johanne Kalstad, Johannes Ågotnes, Jonas Erichsen Solheim, Julie Dortea Forland, Kira Ravn Sangolt, Lise Titland Solsvik, Mari Hatlelid Naustheller, Marius

Leirvaag Hufthammer, Mathias Drange Revheim, Mathias Sangolt Ekren, Odd-Eirik Karlsen Nedrud, Sindre Morlandstø Magnussen, Sverre Sæterbø, Viktoria Kausland Vabø.

FOTO: OLAI OTTERA



Komiteen for Vårmarknaden samla i august for å føreta trekninga av gevinstane som var komne inn og som hang på veggen eller låg på borda under vindaugo. (Foto: Olai Otterå)

## Vårmarknad i august

I år skulle det vere 10-årsjubileum for marknaden. Planen var å arrangere i slutten av april, men slik vart det ikkje.

Ny dato vart sett til 29. august, men framleis rådde koronaen og vi måtte avlyse. Det vart ikkje marknad på Kausland, men alle gevinstane vi har fått inn, ville vi trekkja. Komiteen var samla kl. 12.

Det var som vanleg mange flotte handarbeid. Vi er stolte og glade for at vi etterpå kunne levere ut ei mengd med gevinstar til mange i bygdene våre. Stor takk til alle som har levert gaver og ikkje minst alle som har teke lodd. Mange fekk besøk i heimane og veldig mange kom bort når vi sat på Senteret og selde lodd. Det er kjekt å selja lodd når folk er så positive.

**Vi fekk inn 54.600 kr.**

For komiten  
Anne Berit og Torbjørg

### Her er lista over gevinstar og kven som har vunne:

Kaffi - Ivar Bakke; 2 sengesett - Anna Jorunn Bjørøy; Ramme + labbar - Laila S. Glesnes; Linduk - Ingrid Telle; Lykt - Olaug og Willy Telle; Veske - Dagny Skodvin; Fleire leddlys - Tove Solvang; Vottar - Anita Thuen; Barnebibel - Torbjørg Bakke; Strikkecape - Liv Anne Forland; Glaslykter - Turid Naustheller; Handdukar - Knut Joachim Pedersen; Genser - Halstein Telle; Hardangerbestikk ause - Emma Skyttermoen; Flanellsengesett - Hege Kristin Lorentzen; 4 hagestolputer - Lars Øvretveit; Kakeform - Eli Skjerping; Genser - Johan Storebø; Sjal - Aud Lillian Rong; Hue - Elea Pedersen; Vest - Fam. Inge Glesnes; Kokebok - Finn Hammersland; Sekk - Ole J. Olsen; Kaffi - Ruth Hagenes; Genser - Elna T. Mjelstad; Spel - Nina Glesnes; Babysengesett - Hildegunn Sørheim; Eldfast form - Arvid Troland; Gåvekort Glesnes kafé - Torny Jorunn Hennes; Sengesett - Olav Øvretveit; Orkidé - Ingrid Telle; Magnor lysestake - Gunnar Hufthammer; Knivsett - Ragnar Sangolt; Strikka poncho - Marie Golten Pettersen; Labbar - Lars Øvretveit; 2 tova sitteunderlag - Kirsten Nilsen; 2 puter - Borghild Hustad Berge; Barnekjole - Marit Hjelle; Labbar - Angelica Boga Olsen; 2 handdukar - Elna T. Mjelstad; Genser - Sigrun Kvam; Eldfast form - Mona Morlandstø; Lysest-

akar - Astri Telle; Veske - Torny Jorunn Hennes; Ull-pledd - Anders Hummelsund; Jakke - Ole Christian Ottestad; Kaffi - Cecilie Møgster; Gåvekort Glesnes kafé - Solfrid Forstrønen; Bok - Reidun Kristoffersen; 2 sengesett - Marit Vada; Lyslykt - Annemor Børnes; 2 bamsar - Anna Bothilde Rogne; Sekk - Fam. Joleiv Kallestad; Sengesett - Øystein Pedersen; Genser - Kirsten Wiers; Høgtalar - Inger Øvretveit; Genser - Liv Tellnes; Panne - Hilde Kristiansen; Fiske-snøre - Ruth I. Storebø Bjelland; Gåvekort Glesnes kafé - Berit og Geir Halland; Barnekjole - Lars Inge Førde; Pledd - Laurits T. Riple; Strikka drakt - Knut J. Pedersen; Lammeskinn - Ingebjørg og Olav Kallestad; Labbar - Annemor Børnes; Kopp + diverse - Laila Glesnes; Badesko + diverse - Ruth I. Storebø Bjelland; Labbar - Fam. Joleiv Kallestad; Diverse kost og klut - Nils Arne Førde; Labbar + bok - Alija Selstø; Laken + tøflar - Aslaug Flatrårer; Skål og brikker - Nelly Storebø; handduk + diverse - Bjørg Morlandstø; Tøflar - William Bakke; Små brikkar - Margot Opseth; Labbar + diverse - Haldis Telle; Sjal - Ina Dyngeland Eide; Labbar - Gunvor Telle; Labbar - Astri Skogge; Labbar - Jenny Malfred; Vase - Solfrid Sangolt; Genser - Malfred Telle; Labbar - Malene Telle; Barnekjole - Olai Otterå; Fat - Frida Kroksveen Hjelle; Genser - Ivar Otto Forland.

# Prost Jan Tommy Fosse på føremiddagstreff i Sund

Den nye prosten i Vesthordland prosti, Jan Tommy Fosse, var gjest på det første føremiddagstreffet denne hausten, i Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje. Han starta på jobben 1. mars, og på første dagen var han med på gudstenesta i Sund kyrkje. Men så kom 12. mars og Noreg vart stengt ned, og den nye prosten måtte nøye seg med heimekontor i staden for å reise rundt i prostiet og bli kjend i dei 10 sokna, dei 13 kyrkjene eller med dei 11 prestane han var tilsett til å styra over.

Fosse kjem frå Rakkestad i Østfold, som fylket heitte den gongen, men budde langt frå både post og skule. Han hadde to interesser som ung. Det var sport og kyrkje. For han vart det kyrkja.

Utan ein kyrkjeleg oppvekst vart det likevel til at han gjekk på bibelskule i Grimstad og jobba som eitåring i Israelmisjonen før han begynte på studier ved MF. Etter militæret der han var feltprest i Garden, jobba han som ungdomsprest på Lambertseter i Oslo i 3 år i eit område

med mange krevjande ungdomar. Seinare gjorde han teneste i Sjømannskyrkja i Houston, Texas i 5 år og i Singapore i eit og eit halvt år før han vart utanlandssjef med hovudkontor i Bergen i 9 år. Som utanlandssjef har han måtta tola kjeft for å leggja ned fleire sjømannskyrkjer. Men det er ikkje lenger nok nordmenn i m.a. Antwerpen og New Orleans.

Etter kvart begynte det å rykka i prestefoten, og han søkte og fekk stillinga som prost i Vesthordland prosti. Her skal han leia prestetenesta i prostiet. Fosse ønskjer å vera nær prestane og vera tilgjengeleg om nokon av dei skulle trenga hjelp. Han vil med andre ord vera det prestane treng og vil ikkje driva noko ovanfrå og ned-haldning.

Fosse ønskjer først og fremst å vera ein tenar på same måte som også Jesus var ein tener, m.a. i forteljinga om fotvaskinga. Fosse vil vera ein tenar både for kyrkjelyden og for Gud. Men han vil òg vera prest, og han hadde faktisk si første



*Den nye prosten i Vesthordland prosti, Jan Tommy Fosse, var gjest på føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i august.*

gravferd frå Kausland kyrkje.

Kyrkja er alt det som skjer på det lokale plan, der det finst lokale visjonar. Men biskopen har sine visjonar, og også sentralt har dei sine visjonar. Prosten skal vera ein bindelekk mellom desse ulike visjonane. Som prost er han altså bindelekk mellom kyrkja sentralt og lokalt.

Jan Tommy Fosse har nokre punkt han vil framheva i si gjerning som prost:

1. Kyrkja er eit fellesskap som kan ramme eit heilt liv.
2. Guds ord skal bli forkynt og folk skal få ta imot sakramenta. Han ønskjer at menneska blir lytta til, tekne på alvor, og at dei får nærme seg kyrkja i sitt eige tempo.
3. Vi må vere meir merksame på det å vera friviljuge. Dette er noko ein treng å jobbe meir med i framtida, trudde han.

Det var kjekt å få møta den nye prosten. I tillegg til møtet med han var det som vanleg først felles lunsj, og på dette første føremiddagstreffet denne hausten vart det servert betasuppe. Gerd Dåvøy, som hadde laga suppa, serverte også, for koronaen tillet ikkje at folk fekk forsyna seg sjølve.

*Olai Otterå*



*Jan Tommy Fosse får betasuppe hos Gerd Dåvøy. Ingen fekk forsyna seg sjølv med koronaen hengande over ein.*

## Ein ny morgon

Når vi går til ro om kvelden veit vi ikkje *kva* neste morgon vil bringa. Vi må rett og slett leva i spenninga! Men vi veit allikevel noko om *kven* som møter oss i morgongryet: Jesus Kristus, han som er full av nåde og sanning.

Jesus stod ein gong på stranda og møtte svoltne, slitne og fortumla læresveinar, med orda: «Kom og få mat!» (Joh 21) Dei hadde nettopp opplevd dramatiske dagar, der Jesus brutalt vart teken ifrå dei. Og med Peter i spissen hadde dei brukt store ord om at dei aldri skulle svikta han. Men då det kom til stykke stakk dei av med halen mellom beina – alle som ein.

Ja, leiaren i flokken banna til og med på at han ikkje kjende Jesus! Mao: Svik, nederlag og håpløse var det dei sat att med. Og då dei heller ikkje fekk fisk om natta – såg det temmeleg svart ut! Men så gryr det plutselig ein ny morgon – i dobbel forstand. I grålysninga skimtar dei ein mann inne på stranda. Kven kunne det vera? Kva er det han ropar til dei: Har de noko å eta? Nei! Det er jo akkurat det dei ikkje har! Null fisk og null mat!

Men kvifor kallar han dei for «borna mine»? Og kvifor i all verden bed han dei om å kasta garnet ut igjen, på høgre sida av båten? Akkurat som om det skulle hjelpa, no, etter at det var blitt lyst? Skulle ikkje dei, erfarne fiskarar, vita at dette er nyttelaust?!? Men det var liksom noko med stemma

### Andakten

og orda til denne mannen inne på stranda. Dei kunne liksom ikkje la vera å gjera som han sa. Og plutselig var garnet sprengfullt av fisk! Ja, det var så mykje fisk at dei ikkje makta å dra det opp. Då demra det for Johannes, som nærmast kviskra til Peter: «Det er Herren».

Og Peter reagerer spontant (som han pleier) med å hoppa i sjøen – for å koma fort fram til Jesus. Han tok seg rett nok tid til å kle på seg skikkeleg, først. For skulle han få møta sin Herre og Meister, igjen, så skulle han i alle fall sjå presentabel ut!

Og Jesus tek imot dei, både

med godhet og med frukost. «Kom og få mat!» - seier han til gjengen med usikre, slukøra og skamfulle læresveinar. Og det vart nesten eit nytt nattverdmåltid der på stranda i grålysninga. Då flokken hadde samla seg rundt Herren, gjekk han fram, tok brødet og gav dei, og det same gjorde han med fisken. Ein *ny* start for feigingar og svikarar, med blanke ark og fargestifter tell. Ikkje til å begripa, men allikevel til å GRIPA! Jesus lar nåde gå for rett. Den som ligg nede blir reist opp att. Fortida blir ny, og framtida blir evig! Det er visst dette Bibelen kallar for NÅDE... Vil DU ta imot?

Kjell-Asle Børnes

## Korøving

i Sund kyrkje

**STJERNEKORET**

(frå 4 år til 3. kl.)

øver kl 17.30 - 18.30

**BETWEENSKORET**

(frå 4. kl. og oppover)

øver kl 18.30 - 19.30

27. oktober

10. og 24. november

8. desember

Nye og gamle medlemmer er velkomne!

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

## GRAVMINNER



Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
( samme hus som Ligningskontoret )



Bergen Omegn  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner  
Lensmannsvegen 17B,  
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com  
Facebook: Redas neglestudio

Vil du bli med på klubb?

## Betweeneklubb

Det blir Betweeneklubb på disse datoane:  
17. november  
Juleavslutning i desember

**Klokka 17.30 - 19.30**  
i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.

Frå 4. klasse og oppover.

**Leikar, aktivitetar,  
Bibelen, kveldsmat.**

Velkomen,  
og ta gjerne med ein venn!

# DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



SUND APOTEK  
Tlf. 56 33 88 80



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

## Givarteneste

Sund kyrkjelyd

**Barne- og ungdomsarbeidet**  
Kontonr.: 3628.50.65156

**Kyrkjelydsarbeidet**  
Kontonr.: 3470.44.67003



## Vil du vere med?

**Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?**

**Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?**

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på: klokkeoppgåver, kyrkjevertoppgåver eller kaffivertoppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil  
**477 07 698** eller på e-post:  
[hm849@kyrkja.no](mailto:hm849@kyrkja.no)

## VISITASPROGRAM

### Bispevisitas i Sund sokn 3.-5. og 8. november

#### TYSDAG 3. november

09:00 Opning av visitasen, Sund kyrkje  
10:00 Skulegudsteneste, Sund kyrkje  
11:00 Storstabsamling, Sund kyrkje  
14:00 Diverse samtaler med vigsle medarbeidarar, Sund kyrkje  
17:00 Møte med BOOST, kyrkjekjellaren Sund kyrkje  
20:00 Slutt

#### ONSDAG 4. november

10:00 Skulegudsteneste, Kausland kyrkje  
11:30 Biskopen besøkjer Sundheimen  
12:30 Møte med kommunen, Nordsjøfartsmuseet  
15:00 Omvisning/film, Nordsjøfartsmuseet  
18:30 Kulturkveld/møte med frivillige, Kausland kyrkje/kyrkjelydshus  
21:00 Slutt

#### TORSDAG 5. november

08:30 Ordførarpraten, Radio Sotra, Straume  
09:45 Møte med prestane i prostiet, Sund kyrkje  
13:00 Spørjetime, Sund ungdomsskule  
14:45 Møte med lærarar (same stad)  
16:30 Samtaler med kyrkjevevje/soknerådsleiar/fellesrådsleiar, Sund kyrkje  
17:30 Middag med soknerådet, Sund kyrkje  
18:30 Samrådsmøte med sokneråd/tilsette, Sund kyrkje  
21:00 Slutt

#### SØNDAG 8. november

11:00 Visitasgudsteneste, Sund kyrkje  
Ca 12:30 Visitasforedrag, deretter kyrkjekaffi  
Ca 14:30 Slutt / Soknerådsleiar og ordførar takkar av...

## Myldredagar

– for heile familien  
– besteforeldre også

**Klokka 17.00-19.00**

**Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje**

3. november: Bispevisitas  
(Myldredag for Sund og Kausland)  
1. desember

**Kyrkjelydshuset på Kausland**

3. november: Bispevisitas  
(Felles myldredag i Sund for Sund og Kausland)  
9. desember

**Middag - bibelfortelling - aktivitetar - fellesskap**

Ta med familien og kom,  
eller kom åleine.



Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
på Sotra.

#### Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00  
Torsdag-fredag: 9.00-20.00  
Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**  
Faks: 56 33 93 01

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT



**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse  
Kvile 17A  
5379 Steinsland  
Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE

## Døypte

### 22.08 Sund kyrkje

Adrian Vetle Haugsdal  
Robin Severin Thorgersen Solvang  
Thea Førde Vigsø  
(konfirmantar)

### 20.09 Sund kyrkje

Elise Nygård Myklebust  
Livia Berge Hadland

### 04.10 Sund kyrkje

Lea Eidesund Bjørnslett  
Leo Eidesund Bjørnslett

### 07.10 Sund kyrkje

Tomine Elise Vågen



## Gravlagde

### 03.08 Kausland kyrkje

Audun Vilhelm Glesnes, f. 1939  
(bisetjing)

### 18.08 Kausland kyrkje

Astrid Godtfreda Mortensen, f. 1928

### 20.08 Sund kyrkje

Johnny Lygre, f. 1957

### 20.08 Kausland kyrkje

Vigleik Grove, f. 1938 (bisetjing)

### 02.09 Kausland kyrkje

John Arvid Strand, f. 1928  
(bisetjing)

### 10.09 Sund kyrkje

Trygve Kåre Byrknes, f. 1949

### 29.09 Kausland kyrkje

Kåre Høyland, 1933  
Magnus Nikolai Tofterå, f. 1921

### 01.10 Kausland kyrkje

Nora Marie Glesnes, f. 1934



DEN NORSKE KYRKJA

## Sund sokn

Telefon sentralbord: ..... 400 03 316

### Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkje-  
kontoret i Sund.

### Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag ..... kl. 10.00 - 14.00

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettside:** www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

### Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97  
sokneprest 41 41 66 67  
E-post: kb427@kyrkja.no

### Soknerådet

Svein Marius Myklebust ..... 95 88 61 56  
soknerådsleiar  
E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

## PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte kyrkjekontoret: **400 03 316**

### Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

### Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølv ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

*Solstrands*  
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD

**Sund  
Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume

**Konto:** 1503.84.37590

**Kontingent:** 250 kr pr. år

**Redigering:** Olai Otterå

### Redaksjon:

Olai Otterå ..... 928 93 057

### E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

### Trykk:

Bodoni AS, Straume



**Opplag:** 3.950

## Erling Kopperud om takksemd



*Tidlegare prost i Vesthordland, Erling Kopperud, var gjest på føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus i september.*

- Det er godt at vi kan ta imot takk og det den gjer med oss, sa Erling Kopperud då han vitja føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus siste onsdagen i september. Han ville snakka om takksemd (eller takknemlighet, som han kalla det). - Takksemd er ein dyd. Det er noko som skaper noko mellom menneska og byggjer relasjonar mellom menneska.

Kopperud hevda at gjennom takksemd anerkjenner vi andre menneske sin verdi, og han peika på 3 tilhøve:

1. Det er ein brubyggjar mellom menneske.
2. Det er ei anerkjenning av eigne grenser, for vi er avhengige av kvarandre.
3. Det er ei glede å bli til del noko vi ikkje er opphavet til.

For egoisten er takksemd eit problem. Han vil sjølv ta æra for livet sitt, men dermed forsvinn takksemda.

Takksemda er «ydmykhetens språk», som han kalla det. Takksemda er vegen inn til å elska kvarandre. Takksemd er å

tenkja på eller hugsa kven som har gjort vel imot oss. Vi kan øva oss i å leva på ein takksam måte, t.d. ved å føra dagbok. Kvar kveld kan vi t.d. notere tre ting vi er takksame for. Ordet «tak» er kort, men det er langt i verknaden sin.

Men korleis skal vi vere takksame? Her kom Erling Kopperud inn på integrering av innvandrarak. Dei kjem til oss og har med seg litt «jord», men det er ikkje nok for at «planten» sine røter skal finna grobotn. Også ein vanleg nordmann har mange omplantingar i livet sitt. Det kan vera snakk om dødsfall, det å mista jobben, eller det er å bli pensjonist. I slike samanhengar tar det gjerne litt tid å få røtene til å gro i ei ny jord.

Kopperud kom òg innom Viktor Frankl, ein austerrisks professor som m.a. var i tysk fangenskap under krigen. Sjølv i vanskelege tilhøve tenkte han: Kva ventar livet av oss no? Profeten Jeremia ville òg at ein ikkje berre skulle fokusera på det ein hadde mista, men sjå framover kva som vert kravd av oss. «Eg veit kva tankar eg har med dykk. Eg vil gje dykk framtid og håp.»

Kopperud avslutta med å understreka at det er viktig at håpet er forankra i det kristne håpet. - Vårt håp er takk til han som har gitt meg livet: Jesus Kristus.

*Olai Otterå*



*Det galdt å følgja visse korona-reglar ved servering av lunsjen, som alltid er ein del av føremiddagstreffa.*

### Det nye Kyrkjerådet

Fredag 9. oktober vart Kristin Gunleiksrud Raaum attvald som leiar av Kyrkjerådet. På laurdagen vart det også klart kven som skal sitte saman med henne i rådet.

Det nye Kyrkjerådet er no klart, og kyrkjerådsleiaren får fylgje av desse 17 medlemene:

Tove Karoline Knutsen (Nord-Hålogaland bispedøme, representant for Åpen folkekirke), Kurt Solstrøm (Sør-Hålogaland, samisk representant), Alex Ramstad Døsvik (Nidaros, Åpen folkekirke), Therese Utgård (Møre, Åpen folkekirke), Karl Johan Kirkebø (Bjergvin, Åpen folkekirke), Therese Egebakken (Stavanger, Nominasjonskomiteens liste), Turid Torland Håland (Agder og Telemark, Nominasjonslista), Lill-Tone Grahl Jacobsen (Tunsberg, Åpen folkekirke), Iselin Vistekleiven (Hamar, Nominasjonslista), Karin-Elin Berg (Borg, Åpen folkekirke) – og altså Kristin Gunleiksrud Raaum (Oslo, Åpen folkekirke).

Desse er geistlege representantar: Kjersti Gautestad Norheim (Bjergvin), Rolf Steffensen (Sør-Hålogaland), Linn Strømme Hummelvoll (Tunsberg) og Thomas Tinglum (Hamar).

Martha Garborg Bergslid (Nidaros) er vald som representant for dei leke kyrkjeleg tilsette.

I tillegg møter Bispemøtet sin preses, Olav Fykse Tveit, i Kyrkjerådet.  
*Stein Gudvangen, KPK*

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 2. desember

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 18. november